



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 11.07.2024
Vår ref: 24/03476-2
Dykkar ref: 202301154-18

Fråsegn til høyring av søknad om ny Krossdalen transformatorstasjon, ny 420 kV Krossdalen - Steinsland og ny delstrekning 420 kV Krossdalen -Haugsvær i Modalen og Vaksdal kommunar

POST- OG BESØKSADRESSE
Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 13. mai 2024.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i konsesjonssaker etter energilova.

Om saka

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknadar for ny Krossdalen transformatorstasjon og å leggje om luftleidningar inn til stasjonen, i tillegg til ny 420 kV Krossdalen-Steinsland og ny delstrekning 420 kV Krossdalen-Haugsvær. Det er også søkt om konsesjon til spenningsoppgradering i Steinsland kraftverk og Nygard pumpekraftverk med tilhøyrande nettanlegg, samt endringar i Steinsland koblingsstasjon, tiltak på Nygardsveien og å bygge kaihakk på Eidslandet. Konsesjonssøknadane med konsekvensutgreiing er no lagt ut på høyring.

Fråsegn frå DMF

Merknader til konsekvensutgreiinga

Mineralressursar er vurdert som ein del av fagtema naturressursar og NGU sine ressurskart er lagt til grunn for konsekvensutgreiinga. Dette er i tråd med metodikken i handbok V712 og DMF sine generelle anbefalingar.

Ved Balane kjem ny vegtrasé og anleggsplass A20 i berøring med sand- og grusførekomsten Furneset¹ som er vurdert til lokal betydning av Noregs geologiske undersøking (NGU). Førekomsten er omtalt i konsekvensutgreiinga for naturressursar for *delområde 1 Krossdalen frå Balane til Hykletjørna* og vurdert til *noe verdi*. DMF

¹ Furneset (NGU): https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=106827



stiller seg bak denne vurderinga, då førekomsten i stor grad allereie er nedbygd der tiltaket rører ved førekomsten.

Deponiområde D4 er ikkje omtalt i konsekvensutgreiinga. Det kjem difor ikkje fram at deponiområdet rører ved sand- og grusførekomsten Myster² som er vurdert til lokal betydning av Noregs geologiske undersøking (NGU). Deponiområdet er satt av til føremålet råstoffutvinning i gjeldande kommuneplan og registrert i DMF sitt uttaksregister som eit nedlagt masseuttak. Permanent deponi kan gjere resterande ressursar utilgjengeleg for vidare utnytting. DMF forventar at det blir gjort ei vurdering av dei resterande massane i uttaket og at konsekvensane for ei mogleg framtidig utnytting av sand- og grusressursen blir omtalt.

Massehandtering

Det er berekna eit masseoverskot på 160 000 m³ anbrakte massar. Det er satt av fire områder til mellomlager og deponi. Noko av overskotsmassen skal brukast att internt i prosjektet. DMF oppmodar til at mest mogleg av massane blir brukt til samfunnsnyttige føremål framfor at brukbare massar leggst i permanent deponi. Bruk av overskotsmassar frå anleggsverksemd er eit viktig ledd i ei meir berekraftig forvaltning av mineralressursar, og kan redusere behovet for opning av nye uttak.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Hilde Marie Lingstad
seksjonsleiar

Arita Eline Stene
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Arita Eline Stene

Mottakarar:

Norges vassdrags- og
energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Kopi til:

² Myster (NGU): https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=106791